

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 22.06.2005 **Tid:** 15.00-19.45

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21, inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Helge Reistad

I staden møtte:
Janne Drevsjø

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef og ass.adm.sjef

Merknader: Odd Lønnebakken hadde permisjon under handsaming av sak 18/05.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 28. juni 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

John Magne Bogevik, Sture Tveit og Marit Aase.

UTVALET SITT KVARTER:

Bright Olav Gåsdal orienterte om at han hadde prøvd å oversenda ein interpellasjon på e-post, men at denne ikkje var komen fram til ordføraren før møtet. Gåsdal orienterte om innhaldet og sa han ynskte ein prinsipiell debatt i kommunestyret om denne type problemstillingar.

Følgjande notat vart overlevert:

”Gjeld gnr/bnr13/1 Liøen. Eigarane av Liøen har i 12 år arbeidd for å dela opp eigedomen Liøen i nokolunde like store parsellar til kvar av eigarane.

Politiske organ har handsama saka, har vore positiv til deling. Det er og fylkeslandbruksdirektøren i Hordland. Med endringane i krav til konsesjon i jordlova bør det i dag ikkje vera noko til hinder for at delinga kan gjennomførast slik endringane primært ønskjer. Saka gjeld ikkje forholdet til strandlova då det ikkje er snakk om bygging. Underteikna vil oppmoda ordføraren til å fremja ei sak til neste møte i kommunestyret, slik at medlemmene får høve til å røyste over spørsmålet om deling.”

Inge Aasgaard stilte spørsmål om status for å framføre breiband til dei delar av kommunen som ikkje har breiband. Ordførar orienterte om at PØ i sist møte handsama sak om vidare utbygging av breiband. Det vart då bestemt å avventa tiltreding av ny IKT-ansvarleg som vil få dette som ei av oppgåvene sine. Tilsetting er gjort, tiltreding i stillinga vil truleg skje i september.

John Magne Bogevik stilte spørsmål om status for rehabilitering av kommunal bustad, Solli og symjebassenget. Administrasjonssjefen orienterte om at på bassenget held dei framdrifta og det vil verte opna i januar 2006. Teknisk er i gang med å lage anbudsdokument for Solli, og vil lyse det ut.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- ✓ Ordføraren takka for innsatsen Isaac Kirui og David Sitienei har gjort i Samnanger som utvekslingsrepresentantar frå Sigowet i Kenya i regi av fredskorpset. Ho orienterte om vedtaket i Utvalet for oppvekst og omsorg om at kommunen ønskjer å arbeide vidare med internasjonalisering og fredskorpset.
- ✓ Frode Bjørnås orienterte om arbeidet med å flytta Stolpane skulehus og dugnaden som var førre helg.
- ✓ Ordføraren orienterte om at valstyret har bestemt at aktive politikarar ikkje lengre skal sitja i røystestyra. Dette etter oppmoding i valførebuande møte med fylkesmannen.
- ✓ Årsmelding og rekneskap frå soknerådet i Samnanger vart delt ut i møtet.

- ✓ Skriv frå ordførar vart delt ut i møtet med følgjande stikkord: vegnemnda, kommunale vegar, evaluering av Samnanger kommune som organisasjon, oppstart drøftingar om skriftdelen i kommuneplanen, notat Liavegen.
- ✓ Administrasjonssjefen orienterte om budsjettkontroll pr. juni 2005. Eigen budsjettoversikt og kommentarar vart delt ut i møtet.
- ✓ Administrasjonssjefen orienterte om at det var naudsynt med presisering i vedtaket til sak 16/05. Forskrift om vegnamn i Samnanger.
Nytt pkt. 1: *Forskrift – adressetildeling og namnsetjing av vegar i Samnanger kommune vert godkjent slik den ligg føre.* Kommunestyret slutta seg til dette.
- ✓ Administrasjonssjefen orienterte om vedlikehald på Prestavegen.
- ✓ Kommunestyret fekk utdelt notat datert 22.06.04 frå adm.sjef vedk. kraftutbygging på SAFA. Konklusjonen i notatet er at fiskeinteressene i Tysse elva vert godt tekne i vare.
- ✓ Tre unge kvinner frå Samnanger har saman med ei kvinne frå Stord vunne "Nyskapings - cup 2005" ved Høgskulen i Bergen, og dei vart også best i Vestlandsfinalen. Samnanger kommune har bede inn Siw Berit Tveit, Malin Gjerde og Tove Gjerde til kommunestyret etter handsaming av sak 17/ 05 for å heidra dei med kvar sitt trykk av den unge debutkunstnaren Anna Erstad.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0017/05	00/00105 KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER AREALDEL 2005– 2014.
0018/05	05/00212 BUDSJETTENDRINGAR 2005
0019/05	05/00177 ENDRING I EININGSSTRUKTUR, SOSIAL OG HELSEEINING OG SKULE OG BARNEHAGE EINING
0020/05	04/00397 REVISJON AV LØNSPOLITISK PLAN
0021/05	05/00180 OPPHØYR AV ORDNING MED ATTFØRINGSUTVAL

0017/05

**KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER
AREALDEL 2005 – 2014.**

Framlegg til vedtak::

Kommuneplan for Samnanger, arealdel, dagsett 22.06.05 vert godkjend slik han ligg føre med desse endringane:

- ✓ Det vert sett av eit område på gnr. 8 bnr. 4 til fritidsbustader i samsvar med merknad frå Bjørg Spjeld.
- ✓ Byggeområdet på Steinsland vert utvida slik at det vert plass til ei bustadtomt på gnr. 25 bnr. 3.
- ✓ Det vert teke inn to nausttomter innanføre byggjeområde på Haga.
- ✓ Området avsett til badeplass i Ospevika vert sett i kategori for bandlagt område der det kan krevjast innløyising.
- ✓ Område avsett til spreidd bustadbygging på Sandvik vert utvida, og tal bustader vert utvida med 1 frå 3 til 4.
- ✓ Området på gnr. 37 bnr. 3 som er merka av som eksisterande hytteområde, vert endra til område for spreidd hyttebygging med plass til 4 hytter.
- ✓ Eksisterande hytteområde i Holmane vert teke inn i planen.
- ✓ Når det gjeld hyttebygging elles i dette området, vert det stilt krav om ein samla utbyggingsplan for gardane Ulland, Jarland og Haug.
- ✓ Det vert sett av eit område på gnr. 32 bnr. 1 ovanfor fylkesveg i området Kvernelva - Klopparbekken til hytteområde med krav om reguleringsplan.
- ✓ Kommunalt område i Hagamulen vert omdisponert til byggeområde med krav til reguleringsplan.
- ✓ Regulerte vatn vert merka på kartet.
- ✓ Kraftstasjonar og demningar skal markerast som byggjeområde med hovudføre mål anlegg for kraftproduksjon.
- ✓ I føresegnene punkt 3.2.1 vert fylgjande teke inn: Ikkje byggja eller dela frå nærare driftsbygning i landbruket enn 100 m. Dette gjeld driftsbygning i tradisjonell drift som kan gje lukt- eller støyplagar.
- ✓ Det vert teke inn som generell merknad at det vert høve å byggja på frådelte hyttetomter innan eksisterande hyttefelt.

- ✓ I Eikedalen vert det sett krav om utbyggingsplan innan allereie eksisterande hytteområde, då det her er ynskje om ei fortetting som også inneber bygging på fleire tomter enn det som pr. d.d. er frådelt.

Handsaming i møte:

Det vart i møtet presisert at i framlegg til vedtak var ein del feil, m.a. var to punkt nemnd to gongar. Sjølve overskrifta på saka må og rettast opp. Ved røysting over tilrådinga var det tilrådinga med korrigeringane som vart votert over.

Administrasjonen orienterte i møtet om førebels melding frå fylkesmannen om at dei framleis var kritiske til framlegg til arealplan, og at dei nok dersom kommunen ikkje endra planen på nokre punkt ville sette fram motsegn. Det inneber i så fall at kommunen ikkje kan nytta eigengodkjenning. Fylkesmannen ville gje desse merknadane i eit skriv som venteleg vil liggja føre før ferien. I e-mail var dei heilt konkret på krav om ROS-analyse. Det vart vidare peika på ein del opprettingar m.a. i føresegnene.

I møtet vart og innkomen merkad dagsett 21.06.05 for gnr. 1 bnr. 1 delt ut.

Sp v/**Arne Jørgensen** sette fram følgjande felles framlegg frå SP:” Nye område for akvakultur i Samnanger-fjorden vert tekne ut av arealplanen. Spørsmålet om akvakultur kan handsamast på nytt i samband med utarbeiding av ein ”strandsoneplan” for Samnangerfjorden.”

Idar Reistad sette fram følgjande tilleggsframlegg:” Kommunestyret vedtek planen som tilrådd frå naturutvalet. Kommunen gjennomfører ROS-analyse i samsvar med fylkesmannen sine merknader. Planen vert gjeldande når ROS-analyse er gjennomført. Naturutvalet får fullmakt til å ta stilling til Fylkesmannen sine varsla motsegner. Dersom utvalet ikkje finn å kunne imøtekome motsegnene, skal kommunestyret ta endeleg avgjerd.”

Det vart røysta over tilleggsframlegget frå Reistad, som vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over fellesframlegget til SP, der 13 røysta for framlegget og 8 røysta imot.

Det vart til slutt røysta over framlegget frå naturutvalet, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek planen som tilrådd frå naturutvalet. Kommunen gjennomfører ROS-analyse i samsvar med fylkesmannen sine merknader. Planen vert gjeldande når ROS-analyse er gjennomført. Naturutvalet får fullmakt til å ta stilling til Fylkesmannen sine varsla motsegner. Dersom utvalet ikkje finn å kunne imøtekome motsegnene, skal kommunestyret ta endeleg avgjer.

Nye område for akvakultur i Samnanger-fjorden vert tekne ut av arealplanen. Spørsmålet om akvakultur kan handsamast på nytt i samband med utarbeiding av ein ”strandsoneplan” for Samnangerfjorden.

Kommuneplan for Samnanger, arealdel, dagsett 22.06.05 vert godkjend slik han ligg føre med desse endringane:

- ✓ Det vert sett av eit område på gnr. 8 bnr. 4 til fritidsbustader i samsvar med merknad frå Bjørg Spjeld.
- ✓ Byggeområdet på Steinsland vert utvida slik at det vert plass til ei bustadtomt på gnr. 25 bnr. 3.
- ✓ Det vert teke inn to nausttomter innanføre byggeområde på Haga.
- ✓ Området avsett til badeplass i Ospevika vert sett i kategori for bandlagt område der det kan krevjast innløyising.
- ✓ Område avsett til spreidd bustadbygging på Sandvik vert utvida, og tal bustader vert utvida med 1 frå 3 til 4.
- ✓ Området på gnr. 37 bnr. 3 som er merka av som eksisterande hytteområde, vert endra til område for spreidd hyttebygging med plass til 4 hytter.
- ✓ Eksisterande hytteområde i Holmane vert teke inn i planen.
- ✓ Når det gjeld hyttebygging elles i dette området, vert det stilt krav om ein samla utbyggingsplan for gardane Ulland, Jarland og Haug.
- ✓ Det vert sett av eit område på gnr. 32 bnr. 1 ovanfor fylkesveg i området Kvernelva - Klopparbekken til hytteområde med krav om reguleringsplan.
- ✓ Kommunalt område i Hagamulen vert omdisponert til byggeområde med krav til reguleringsplan.
- ✓ Regulerte vatn vert merka på kartet.
- ✓ Kraftstasjonar og demningar skal markerast som byggeområde med hovudføremål anlegg for kraftproduksjon.
- ✓ I føresegnene punkt 3.2.1 vert fylgjande teke inn: Ikkje byggja eller dela frå nærare driftsbygning i landbruket enn 100 m. Dette gjeld driftsbygning i tradisjonell drift som kan gje lukt- eller støyplagar.
- ✓ Det vert teke inn som generell merknad at det vert høve å byggja på frådelte hyttetomter innan eksisterande hyttefelt.
- ✓ I Eikedalen vert det sett krav om utbyggingsplan innan allereie eksisterande hytteområde, då det her er ynskje om ei fortetting som også inneber bygging på fleire tomter enn det som pr. d.d. er frådelte.

0018/05

BUDSJETTENDRINGAR 2005**Framlegg til vedtak::**

Budsjettdringar 2005

Pensjonsfond på kr 757.000 vert omgjort til disposisjonsfond

Det vert gjennomført korrigeringar for fylgjande meirutgifter/mindre inntekter

Rammetilskot og skatt med til saman kr 1.895.000

Lønsutgifter legekantor kr 350.000

Avsett til pensjon i kapitalrekneskapen kr 62.000

Til saman kr 2.307.000

Det vert føreteke korrigeringar på budsjettet for fylgjande meirinntekter/mindre utgifter

Auka inntekt konsesjonskraft kr 750.000

Bruk av tidlegare års overskot kr 638.000

Bruk av pensjonsfond/disposisjonsfond kr 757.000

Innsparing av pensjon (fordelast på ulike driftspostar) kr 662.050

Krav på staten mva-kompensasjon kr 417.000

Til saman kr 3.224.050

Avsett på disposisjonsfondet – øyremerkja mva-kompensasjon kr 417.000

Avsett til tilleggsøyvingar kr 500.050

Handsaming i møte:

Budsjettkontroll av juni 2005 vart delt ut i møtet og vedlagt saka.

Odd Lønnebakken hadde permisjon under handsaminga av saka.

Ordføraren sette fram følgjande endringsframlegg; ” Avsett til tilleggsøyvingar vert endra frå kr. 500.050 til kr. 300.000, medan avsett til disposisjonsfond ver auka opp med kr. 200.050.”

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Budsjettdringar 2005

Pensjonsfond på kr 757.000 vert omgjort til disposisjonsfond

Det vert gjennomført korrigeringar for fylgjande meirutgifter/mindre inntekter

Rammetilskot og skatt med til saman kr 1.895.000

Lønsutgifter legekantor kr 350.000

Avsett til pensjon i kapitalrekneskapen kr 62.000

Til saman kr 2.307.000

Det vert føreteke korrigeringar på budsjettet for fylgjande meirinntekter/mindre utgifter

Auka inntekt konsesjonskraft kr 750.000

Bruk av tidlegare års overskot kr 638.000

Bruk av pensjonsfond/disposisjonsfond kr 757.000

Innsparing av pensjon (fordelast på ulike driftspostar)	kr 662.050
Krav på staten mva-kompensasjon	<u>kr 417.000</u>
Til saman	kr 3.224.050

Avsett på disposisjonsfondet – øyremerka mva-kompensasjon	kr 417.000
Avsett på disposisjonsfondet	kr. 200.050
Avsett til tilleggsøyvingar	kr 300.000

0019/05

ENDRING I EININGSSTRUKTUR, SOSIAL OG HELSEEINING OG SKULE OG BARNEHAGE EINING

Framlegg til vedtak::

Sosialeininga og helseeininga vert slått saman til sosial- og helseeining, med einingsleiar for sosial som leiar.

Dei kommunale barnehagane vert skilde ut frå sine respektive einingar og dannar i fellesskap ein ny eining for barnehage. Endringa vert gjennomført frå 01.01.2006.

Handsaming i møte:

Olaug Øystese sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Pkt 1.” Administrasjonen må syta for at tilfredstillande løysing m.h.t. at den nye einingsleiaren for barnehage vert å rekne som einingsleiar i byggjesaka:” Ny barnehage på Gjerde” i tidsrommet hausten 05 og fram til vedtaket skal gjelde 01.01.06.

Pkt 2. Det skal ikkje verta reduksjon på pedagogtettleik, og heller ikkje reduksjon på tid til administrasjon i nokon av barnehagane.

Pkt 3. Denne organisering av barnehageeininga skal evaluerast etter 2 år.

Odd Lønnebakken kom til under handsaminga av saka.

Magda Haugen bad om gruppemøte, og møtet vart mellombels heva.

Magda Haugen sette fram spørsmål om å få stemma punktvis. Kommunestyret slutta seg til dette.

Det vart først røysta for framlegg til vedtak slik det ligg føre. Framlegget vart samrøystes vedteke. Deretter vart det røysta punktvis over tilleggsframlegget til Øystese.

Pkt 1. vart vedteke med 18 røyster. 3 røysta imot.

Pkt 2. vart vedteke med 18 røyster. 3 røysta imot.

Pkt 3. vart vedteke med 15 røyster. 6 røysta imot.

Vedtak:

Sosialeininga og helseeininga vert slått saman til sosial- og helseeining, med einingsleiar for sosial som leiar.

Dei kommunale barnehagane vert skilde ut frå sine respektive einingar og dannar i fellesskap ein ny eining for barnehage. Endringa vert gjennomført frå 01.01.2006.

- ✓ *Pkt. 1. Administrasjonen må syta for at tilfredstillande løysing m.h.t. at den nye einingsleiaren for barnehage vert å rekne som einingsleiar i byggjesaka:” Ny barnehage på Gjerde” i tidsrommet hausten 05 og fram til vedtaket skal gjelde 01.01.06.*

- ✓ *Pkt 2.* Det skal ikkje verta reduksjon på pedagogtettleik, og heller ikkje reduksjon på tid til administrasjon i nokon av barnehagane.
- ✓ *Pkt 3.* Denne organisering av barnehageeininga skal evaluerast etter 2 år.

0020/05

REVISJON AV LØNSPOLITISK PLAN

Framlegg til vedtak::

Det framlaget forslaget til lønspolitisk plan vert vedteke.

Handsaming i møte:

Olaug Øystese sette fram følgjande tilleggsframlegg:

” Avsnittet vedk. Godtgjersle for arbeidskle.

Det skal forhandlast med dei tilsette sine organisasjonar om dette.”

Nils Gåsadal sette framfølgjande tilleggsframlegg:

”A.2.1 Godtgjersle for betjening av legevaktsentral.

Denne satsen har vore den same i 9 år. Den vert difor auka frå kr. 2000,- til kr. 3.000,- pr år for hjelpepleiarar på dag. For hjelpepleiarar på natt vert den auka frå kr. 1.000,- til kr. 1.500,- pr år.”

Olaug Øystese bad om gruppemøte. Møtet vart mellombels heva.

Det vart først røysta over tilleggsframlegget til Øystese, som vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over tilleggsframlegget til Gåsadal, som vart vedteke med 13 røyster. 8 røysta imot. Til slutt vart det røysta over framlegget til lønspolitisk plan med dei vedtekne tilleggga. Planen vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Det framlagde forslaget til lønspolitisk plan vert vedteke, med følgjande tillegg;

Avsnittet vedk. Godtgjersle for arbeidskle;

Det skal forhandlast med dei tilsette sine organisasjonar om dette.

A.2.1 Godtgjersle for betjening av legevaktsentral;

Godtgjersla vert auka frå kr. 2000,- til kr. 3.000,- pr år for hjelpepleiarar på dag. For hjelpepleiarar på natt vert den auka frå kr. 1.000,- til kr. 1.500,- pr år.

0021/05

OPPHØYR AV ORDNING MED ATTFØRINGSUTVAL

Framlegg til vedtak::

Ordninga med attføringsutval i Samnanger kommune opphøyrer med verknad frå 24.06.2005.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ordninga med attføringsutval i Samnanger kommune opphøyrer med verknad frå 24.06.200